

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

### Vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det vert satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket, både ny rekruttering og tidligare eigarskifte på garden. Sikre rett kompetanse til rett tid er eit viktig tiltak.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i det meste av landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det vert satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye sortar og dyrkingsteknikkar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane vert forvalta regionalt, for å målrette dei betre. Rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
5. Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverkning og uttak av biomasse frå skog.
- 6 Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon